

Kvalitetsplan for eit trygt og godt skulemiljø

Lye skule, ein god stad å vera og ein god stad å læra!



-Lye skule-

Innholdsliste

Innleiing	s.3
Kapittel 12, elevane sitt skulemiljø	s.4
- aktivitetsplikt	s.4
- kven gjeld aktivitetsplikta for?	s.5
- skjerpa aktivitetsplikt	s.6
- mål for arbeidet	s.7
- kva er mobbing?	s.8
- forebygging krenking	s.10
Plan for Olweusarbeidet	
- kontaktlærer si rolle og ansvar	s.12
- vennegrupper	s.13
- plan for klassane	s.14
- #snakkesaman	s.15
-Olweusmøte som metode	s.16
- rekor sitt ansvar	s.17
- inspeksjonsplan	s.18
- vedlikehald av kompetanse	s.20
Handlingsplan – akutt del	s.21
- Korleis oppdaga mobbing?	s.21
- Opptrappingsplan	s.23
- Individuell samtale med den som har blitt utsett for mobbing	s.26
- Individuell samtale med den som har utført mobbing	s.27
- Mobbing ved dramatiske innslag	s.28
- Vaksne som krenkjer	s.30
- Korleis blir nye elevar mottekne på Lye skule	s.31
- Råd til foreldra	s.32

Innleiing

Lye skule har sidan skuleåret 2002/2003 vore med i Olweusprogrammet mot mobbing og antisosial åtferd. Programmet har som mål å førebyggja og redusera eksisterande problem knytta til krenking/mobbing. Olweusprogrammet er forskningsbasert og viser å ha god effekt på å auke trivselen hos elevane og redusera problem knytta til krenking/mobbing. Elevane frå 4.-7.trinn har ein time med Olweus annakvar veke.

Skuleåret 2016/2017 innførte skulen programmet Zippys venner på 1.-3.trinn. Zippys venner er eit livsmestringsprogram med fokus på sosial og emosjonell kompetanse. Zippys venner er basert på anerkjent mestringssteori og er evidensbasert. Fleire store internasjonale studier viser at Zippy har effekt. I Noreg er det gjennomført ei omfattande effektevaluering (Holen 2012). Studien viser at elevane som gjennomførte Zippy hadde fleire positive mestringsstrategiar, betre sosiale ferdigheiter, betre klassemiljø, mindre krenking/mobbing og betre fagleg fungering.

Programmet består av 6 moduler a 4 timar, totalt 24 timar for kvart trinn.

Kvalitetsplanen for trygt og godt skulemiljø skal vera eit av fleire reiskap for å gjera Lye skule til ein god stad å vera og ein god stad å læra for alle elevane.

Planen skal og vera eit reiskap for å implementera paragraf 12 i opplæringslova; "Elevane sitt skulemiljø", med spesiell vekt på det psykososiale miljøet.



Kapittel 12 Elevane sitt skulemiljø

- §12-1 dette kapittelet gjeld for skulen, leksehjelpordninga og skulefritidsordninga. Gjeld også når aktivitetar skjer utanfor skuleområdet og på skulen sine digitale plattformer.
- §12-2 alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.
- §12-3 skulen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.
- § 12-3 skulen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø. (førebyggjande arbeid)
-

§ 12-4 Aktivitetsplikta


«Alle som arbeider på skolen, skal **følge med** på korleis elevane har det, og om mogleg **gripe inn** dersom nokon krenkjer ein elev. Alle som arbeider på skolen, skal **melde frå** til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skolen skal snarast **undersøkje** saka og **rette opp** situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Skolen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak.

I planen skal det stå:

- a. kva problem tiltaka skal løyse
- b. kva tiltak skolen har planlagt
- c. når tiltaka skal gjennomførast
- d. kven som skal gjennomføre tiltaka
- e. når tiltaka skal evaluerast

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.»



Kven gjeld aktivitetsplikta for?

- Avheng av kva for delplikt det gjeld:
 - **Alle som arbeider på skolen**, har ei plikt til å følgje med, gripe inn og melde frå.
 - **Skulen** skal undersøkje saka og rette opp med eigna tiltak.
 - **Rektor** skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

- Kven gjeld delplikta ikkje for?
 - Personar som oppheld seg på skolen meir tilfeldig eller no og då
 - til dømes foreldre eller andre som følgjer elevane til og frå skulen
 - personar som utfører enkeltoppdrag, bod, selskap og sjåførar som utfører skuleskyss

§ 12-5 Skjerpa plikt til å melde frå

“Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. **Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.**

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.»

§ 12-6 Statsforvalter si handheving i enkeltsaker

«Statsforvaltaren skal avgjere om plikta til å rette opp situasjonen med eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd og plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd er oppfylt.»

“ Kjem statsforvaltaren til at skolen ikkje har oppfylt **plikta til setje inn eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd eller plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd**, kan statsforvaltaren **påleggje** kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet. Dersom saka elles vil bli **unødig forseinka**, eller

dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen **ikkje kjem til å rette forholdet**, kan statsforvaltaren **vedta kva skolen skal gjere** for at eleven skal få eit trygt og godt skolemiljø. Statsforvaltaren kan vedta reaksjonar etter skolereglane, jf. § 10-7, eller vedta at ein elev skal byte skole, jf. § 13-2. »

Mål for arbeidet

Denne planen skal hjelpa oss til at Lye skule skal vera ein god stad å vera og ein god stad å læra for alle elevane. Ein skule der me ikkje aksepterer krenking, og arbeider aktivt mot antisosial åtferd.

Delmål:

- når me går inn ”skuleporten” opplever me at Lye skule er ein trygg og inkluderande skule
- alle elevane på skulen trivst og føler seg trygge på skulen og på skulevegen
- alle som arbeider på skulen arbeider aktivt for å skapa gode relasjonar mellom vaksne og barn, og mellom barna.
- at dei vaksne på skulen har kompetanse til å kjenna att krenking, og arbeider aktivt for å stoppa krenking/mobbing.

When you love someone
you protect them from the
pain, you don't become
the cause of it.



Kva er mobbing?

”Ein elev er mobba eller plaga når han eller ho gjentekne gonger og over ei viss tid, vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar, og den som vert mobba har vanskar med å forsvara seg.”

Dan Olweus

Me seier at ein elev vert mobba når ein eller fleire andre elevar:

- seier vonde og ubehagelege ting til han eller henne, gjer narr av han/henne eller bruker stygge og sårande kallenamn.
- overser han/henne fullstendig eller stengjer han/henne ute frå veneflokken.
- slår, sparkar, luggar, skubbar eller stengjer han/henne inne.
- fortel løgner eller spreier falske rykte om han /henne eller sender ubehagelege lappar/meldingar og prøver å få dei andre elevane til å mislika han/henne.

Ved mobbing skjer dette gjentekne gonger og det er vanskeleg for den som vert plaga å forsvare seg. Om ein elev vert erta gjentekne gonger på ein ubehageleg og sårande måte, er dette også mobbing.

”Det er ikkje mobbing når nokon vert erta på ein snill og venskapleg måte. Det er heller ikkje mobbing når to om lag like sterke elevar sloss eller kranglar.”

Dan Olweus



Forebygging av krenking/mobbing ved Lye skule

Skulereglar

Slik vil me ha det på Lye skule:

1. Me respekterer og tek vare på kvarandre
2. Me er på Lye skule for å læra
3. Me følgjer mobberegane
4. Me tek vare på skulen



Lye skule bruker Time kommune sin forskrift reglement for orden og åtfærd ved grunnskulane.

Olweus sine klassereglar mot mobbing

1. Me skal ikkje mobba andre.
2. Me skal forsøka å hjelpa elevar som blir mobba.
3. Me skal vera i lag med elevar som lett blir åleine.
4. Dersom me veit at nokon blir mobba, skal me fortelja det til kontaktlærar, ein annan lærar, ein annan vaksen på skulen eller dei heime.

Desse reglane heng oppe i kvart klasserom, og dei er jamnleg tema på klassemøte. Då vert det diskutert inngåande kva som ligg i desse punkta, og kva det har å seia for kvar einskild elev.

Mobberingen

Alle klassar nyttar ein mobberingen som eit reiskap for å førebyggja krenking. Dette gjer me for å bevisstgjera elevane på deira rolle når det skjer krenking.



Utvikling av gode klassemiljø

Klassemiljøet er godt

- når både elevar og lærar gler seg til å gå på skulen
- når både lærar og elevar trivst saman i klassen
- når elevane har lært seg å respektera kvarandre sine ulikskapar og vågar å vera seg sjølve utan å vera redde for å bli ekskluderte av dei andre

Foreldra/føresette si oppgåve

- møta opp på foreldremøte og støtta opp om det arbeidet skulen gjer
- har ansvar for å arrangera klasseseturar/aktivitetar slik at foreldra/føresette i klassen får høve til å bli kjende med kvarandre og med elevane i klassen
- omtala skulen på ein positiv måte overfor eigne ungar

- visa respekt og omtanke overfor dei andre foreldra/føresette i klassen (Konfliktar mellom foreldre/føresette kan verka destruktivt på miljøet i klassen.)
- dersom ein er uroleg eller misfornøgd med noko på skulen så tek ein kontakt med skulen, slik at skulen kan få høve til ordna opp/forklara seg

Det er viktig for miljøet at foreldra/føresette:

- samarbeider om grenser/reglar
- at det blir oppretta nettverksgrupper (vennegrupper)
- inviterer alle gutane/jentene i klassen til selskap
- lar barna delta i selskap og arrangement i skuleregi i fritida

Kontaktlærer si oppgåve

Kontaktlæraren i samarbeid med heimen har ansvar for å skapa eit best mogleg klassemiljø. Arbeidet må starta i 1. klasse, og må halda fram på alle trinn. Klassar er og blir ulike, men det er viktig å passa på at einskildelevar ikkje får øydeleggja klassemiljøet.

Faktorar som verkar positivt på miljøet i klassen:

- klassemøte
- fellesopplevingar
- plassering/møblering i klasserommet
- forholdet mellom lærar og klasse
- at elevane er opplærte til å godta at alle er ulike

Faktorar som kan øydeleggja for eit godt klassemiljø:

- elevar som stadig bryt grenser
- konfliktar
- for sterk konkurranse mellom elevane i klassen
- måten ein snakkar til kvarandre på

Fellesopplevingar

Ein klasse som er rik på gode fellesopplevingar får noko gildt som knyter dei saman. Dei blir trygge på kvarandre og kan bruka dei gode opplevingane til å skapa seg nye gode opplevingar. Tips til fellesoppleving:

- ein utedag på Lye
- laga venskapsbok
- fellesmåltid
- engelskdag
- høgtlesingstime

- framføra skodespel
- tur
- elevkveld
- karneval
- ballturnering mot andre klassar
- hemmeleg ven
- leikesjef
- leikar som inkluderer alle

Det er viktig å hugsa å rosa klassen som klasse.



Vennegrupper

Ved Lye skulehar FAU vedteke at det skal vera nettverksarbeid på 1. – 3. trinn. Då tek foreldra/føresette initiativ til å ha vennegrupper som det vert kalla på Lye.

Målet med desse gruppene er at elevane skal koma saman med andre elevar i klassen i ein sosial setting utanfor skulen. Dei kjem i lag med dei som dei kanskje ikkje er mest i lag med til dagleg, og dei blir kjende med foreldra/føresette til dei andre elevane i klassen.

Elevane blir delte i grupper på 4 – 5 ungar. Desse gruppene samlast med jamne mellomrom i løpet av skuleåret. Trinnet avtaler med klassekontaktane ang antal treff i løpet av skuleåret.

Kontaktlærer kjenner klassen best og deler inn gruppene.

- Venskapsgruppene varer i ein time.
- Det kan gjerne bli servert eit enkelt måltid: saft, kjeks, bollar eller frukt.
- Det er ein aktivitet som dei vaksne/ den vaksne i huset gjer i lag med ungane. Det kan vera:
 - steika lappar, baka bollar
 - spela spel (ikkje ipad, playstation eller liknande)
 - enkle formingsaktivitet.
 - fortelja eventyr og liknande

➤ organiserte uteleiker

- Elevane er på same heime gruppe i eitt år. Neste skuleår vert det laga nye grupper.
- Venskapsgruppene rullerer over vekedagane frå måndag-fredag, slik at det rammar alle likt når det gjeld å ta fri frå fritidsaktivitetar.
- Skulen kan ikkje tvinga nokon til å kutta ut fritidsaktivitetar. Men foreldra/føresett kan oppmoda kvarandre til at ungane deira prioriterer venskapsgruppe.

Ikkje alle foreldra/føresette har høve til å ha venskapsgruppe. Dette respekterer alle, men det er viktig at dei let sitt barn få lov til å delta på venskapsgruppe.

Kva skjer på dei ulike klassestega?

Klasse	Ansvar for kontaktlærer	Ansvar for foreldre	Ansvar for skulen
1. - 3.trinn	<ul style="list-style-type: none"> *bruker Zippy 1 time annakvar veke. * innføra ”stopp og ja-regel” * gjera elevane kjend med mobbereglane og mobbesirkelen. * ha bli kjent samtale med foreldra *ha elevsamtalar og utviklingssamtalar der ein tek opp problemstillingar vedrørande krenking, og antisosial åtferd 	<ul style="list-style-type: none"> * delta på foreldremøte der ein finn felles reglar m.o.t selskap * delta på utviklingssamtalar * delta på bli kjent samtale med lærar * Ha vennegr. * Delta på arrangement i regi av skulen for elevar og foreldre. 	<ul style="list-style-type: none"> *Informasjon om paragraf 12 på foreldremøte * informasjon om korleis me jobbar for eit trygt og godt læringsmiljø for alle våre elevar. Tips: Sei noko om: <ul style="list-style-type: none"> - Zippy - fadderordning - vennegrupper - nettvett
4. - 7.trinn	<ul style="list-style-type: none"> * ha timen «sosial utvikling» (Olweus) minimum annakvar veke * ”stopp og ja-regel” * repetera mobbereglane og mobberingen * rollespel som metode * jamnleg observasjon av klassemiljø (klassetrivsel, korleis 	<ul style="list-style-type: none"> * delta på foreldremøte * delta på utviklingssamtalar * Delta på arrangement i regi av skulen for elevar og foreldre. 	<ul style="list-style-type: none"> *Informasjon om paragraf 12 i opplæringslova på foreldremøte * informasjon om korleis me jobbar for eit trygt og godt læringsmiljø for alle våre elevar. Tips: Sei noko om: <ul style="list-style-type: none"> - Olweus - fadderordning - vennegrupper

	har du det-arket, logg eller liknande) * ha bli kjent samtale med føresette ved ny klasse og når det begynner ny elev. * ha elevsamtalar og utviklings-samtalar der ein tek opp problem-stillingar vedr. krenking og antisosial åtferd * førebuing til Olweusundersøkinga. *5.trinn - #snakkesaman		- klassemiljø - kva foreldre kan bidra med - nettvett * 7.trinn: Samarbeid med Lye ungdomsskule om overgang barneskule og ungdomsskule
--	---	--	--

#snakkesaman

Snakkesaman er ein praktisk-pedagogisk metode der elevane samles i gruppe ein gong i veka. Metoden er godt utprøvd i grunn,- og vidaregåande skule. Me har samtalar og aktivitetar som kan bidra til at elevane blir tryggare på seg sjølv og andre. Elevane skal bli flinkare til å setje eigne grenser og vi fokuserer spesielt på viktigheita av vennskap. Dette er eit opplegg som ligger fast for elevane på 5.trinn.

Gruppa vert leia av sosiallærer og sosialfagleg ressursperson samt kontaktlærarane på trinnet.

Omfang 4x75 minutt. Elevane er delt i jente – og guttegruppe.

Målet med #snakkesaman

- korleis snakke fint til deg sjølv
- korleis snakke fint til andre
- kva er ein god venn
- stå imot press
- ta eigne val
- våg å sei i frå

Olweusmøte som metode

Dan Olweus rår til bruk av regelmessige klassemøte når ein arbeider med Olweusprogrammet. Olweusmøtet er eit naturleg fora for å drøfta problem og problemstillingar knytta til mobbing og antisosial åtferd.

Mal Olweusmøte:

- Heile klassen og kontaktlærer sit i ring eller halvsirkel.
Dei har ikkje pultar framfor seg.
- Olweusmøtet fylgjer ein bestemt mal.
 1. Gladrunde
 2. Leik
 3. Dagens tema/fokus
 4. Eventuelt gruppeoppgåver og rollespel
 5. Oppsummering
- Olweusmøtet bør bli halde med jamne mellomrom. Minimum ein gong anna kvar veke. Det kan vera ein fordel at dette er på eit bestemt tidspunkt i veka.
- Kontaktlæraren er den naturlege leiaren.
- Det er viktig å understreka kjørereglane for samtale:
 1. Me rekkjer opp handa når vi vil seia noko.
 2. Me let andre snakka ferdig utan å avbryta.
 3. Me kan vera ueinige utan å bli uvenlege, banna eller seia stygge ting.
 4. Alle har rett til å seia noko.
 5. Alle er like viktige.
- Kontaktlærer bør prøva å vera aktivt lyttande og ikkje fordømmande og sjå til at synspunkta til blyge elevar og kjem fram.
- Kontaktlærer kan gjerne samanfatta dei ulike synspunkta som kjem fram.
- Prøv å få elevane til å bruka eg-form og å seia klart og tydeleg kva dei meiner, tenkjer og føler.
- Det er fordel å veksla mellom samtalar i plenum og samtalar i mindre grupper og praktiske øvingar som t.d. rollespel, leik, samarbeidsoppgåver.

NB!

I Olweusmøtet skal ein aldri diskutera einskildelevar. Dersom det kjem opp namn må ein stoppa diskusjonen straks, og seia at dette diskuterer me på tomannshand etter møtet. Det er alltid viktig å setja fokus på at dersom elevane

veit noko som lærar bør vita så tek me det opp på tomannshand. Derfor er det viktig å ikkje gå frå klasserommet straks etter eit klassemøte.

Ansvar for rektor:

- rektor har ansvar for å leggja til rette slik at lærarane har gode vilkår for å innfri dei måla og oppgåvene som ligg i tiltaksplanen.
- rektor må sikra at lærarane har tid og fora til å drøfta mobbeproblematikk, og å halda seg fagleg ajour.
- rektor har ansvar for å sjå til at alle lærarane arbeider etter dei retningslinjene som er gitt i tiltaksplanen.
- arbeidet mot mobbing og antisosial åtferd skal alltid vera eit tema på medarbeidersamtalane.



Inspeksjonsplan – kva er mine oppgaver som friminuttvakt?

På Lye skule er uteområdet oppdelt i 4 vaktområde. På kvart vaktområde skal det alltid vera minimum ei vakt tilstades. I tillegg er det andre vaksne ute som har ansvar i høve til einskildelevar.

- Vaktene skal vera godt synlege, og tilgjengelege for elevar som treng hjelp.
- Vaktene skal forflytta seg rundt over heile vaktområdet.
- Vaktene har eigen vaktvest.
- Når vaktene deler på ei vakt, skal det skje overlapping og munnleg rapportering.
- Vakta skal gripa inn i situasjonar der det skjer overtramp mot elevar.

- Vakta skal informera kontaktlærer munnleg/ skriftleg om kva som har skjedd viss det er behov for det.
- Vakta skal observera og ha eventuell mobbing som fokus.
- Observerer vakta noko som liknar mobbing skal han/ho intensivere observasjonen/inspeksjonen i området.
- Lærarane skal så langt som råd er ha vakt på det området der elevane dei har til dagleg er.
- Dersom det er mistanke om mobbing/mobbing blant ei gruppe elevar så bør kontaktlærer informera om dette på morgonmøte slik at alle vaktene kan vera obs. på dette.

Korleis gripe inn når ein oppdagar krenking:

- Henvend deg tydeleg til ein og ein elev.
- Gje tydeleg og klar beskjed. Minimal bruk av ord. Sjekk ut kva som har hendt.
- Bruk gjerne namn på eleven.
- Informer eleven om kva som eventuelt skjer vidare. T.d. informasjon til kontaktlærer, føresette, rektor. Eller avtale om samtale ved seinare tidspunkt.
- Om elevane er fysiske med kvarandre, grip inn umiddelbart og stopp krenkinga. Samtale i etterkant, når eleven/elevane har fått roa seg. Sjekk handlingsplan mot vald og trakassering i skulen.



Korleis halda kompetansen ved like -

- gjennomgang av kvalitetsplan for trygt og godt skulemiljø på planleggingsdag ved skulestart.
- gjennomfører 5 samtalegrupper i løpet av skuleåret.
- at det på personalmøta på SFO jamleg vert sett fokus på mobbeproblematikken
- nye tilsette får gå på innføringskurs i Olweus som blir arrangert av Olweus- koordinatane i Time kommune.
- nye tilsette på 1.trinn blir sertifiserte i Zippys venner
- nye tilsette på skulen gjer seg kjent med Kvalitetsplanen for trygt og godt skulemiljø på Lye skule.



Oversikt over rapporteringsansvar

Aktivitet	Ansvar	Tidspunkt
Sjekkliste rektor	Rektor	Ved slutten av skuleåret
Sjekkliste kontaktlærer	Kontaktlærer	desember/mai
Referat Olweus-møte	Kontaktlærer	Rett etter gjennomført møte
Sjekkliste personalmøte haust	Rektor	Rett etter gjennomført møte
Sjekkliste personalmøte vår	Rektor	Rett etter gjennomført møte
Referat samtalegruppe (5 stk i løpet av skuleåret)	Nøkkelperson	Rett etter gjennomført samtalegruppe
Introduksjonskurs	Olweusinstruktør	Rett etter gjennomført kurs
Referat introduksjonskurs	Olweusinstruktør	Rett etter gjennomført kurs

Sjekkliste elevråd	Kontaktlærer for elevrådet	Etter møte
Referat møte i elevråd	Kontaktlærer for elevrådet	Etter møte
Melding om avvik	Den som oppdager/får melding om avvik	Umiddelbart
Avviksbehandling	Rektor	Kontinuerleg
Saksbehandling kapittel 12 i opplæringslova	Rektor	Kontinuerleg



Handlingsplan – akutt del

Korleis oppdaga mobbing

Lærarane må alltid ha eit fokus med tanke på å oppdaga mobbing. I tillegg må me ha strategiar på skulen som gjer at me oppdagar mobbing. På Lye skule er det:

- **Elevsamtalar**

- Kontaktlærer skal ha elevsamtalar med alle elevane i gruppa minst 2 gonger i året.. Då blir det spurt konkrete spørsmål om krenking.
- Bruker skriftleg svarskjema ein gong i veka på alle trinn. «Korleis har du det-skjema». Tema på trinnsamtale 2 gonger i året.
- Ved mistanke om krenking skal kontaktlærer nytta seg av elevsamtalar.

- **Olweusmøte – Sosial utvikling**

- Alle klassar skal halde Olweusmøte anna kvar veke. Gjerne oftare. Tema i Olweusmøta skal vera knytta til korleis skape eit trygt og godt læringsmiljø for alle elevane. Jmf. Temaplan for trinna side 30.

- **Elevane som ressurs**

- elevane får grundig opplæring i kva krenking/mobbing er og øving i å ta avstand frå dette. Dei blir og opplærte til å sei ifrå om dei kjenner til krenking/mobbing.
- Elevrådet har det som tema på møtene sine.

- **Dei vaksne som ressurs**

- Dei tilsette på skulen har fått opplæring i tiltaksprogrammet mot mobbing. Det har gjort at:
 1. Dei er flinke til å skilja krenking frå erting
 2. Dei er dyktige og trygge når dei grip inn i situasjonar.
 3. Dei er trygge på kva dei skal gjera.

- **Teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt**

- Blir ofte utsett for sårande kommentarar eller gjort narr av.
- Blir dytta, sparka og slått utan å forsvare seg.
- Har sår eller øydelagde klede utan å kunna forklara kvifor, eller kjem med usannsynlege forklaringar.
- Blir utestengt, få eller ingen som tek kontakt/inkluderer eleven.
- Søker til vaksen i staden for å oppsøkje andre barn i friminutta.
- Vegrar seg for å snakka høgt i klassen.
- Verker redd eller har sterk motvilje mot skule – fritidsaktivitetar.
- Dårleg matlyst, uroleg nattesøvn, vondt i hovudet, magesmerter, sjølvskading.

- **Vaktsystem (sjå s.13.)**

- **Observasjon som metode**

- Det er viktig å dokumentera mobbing. Observasjon av elevar kan vera ei viktig informasjonskjelde.
- Ein kan nytta:
 - Observasjon av leik og frie aktivitetar
 - ◆ Observasjon av friminutt, gang og garderobe
 - ◆ Observasjon av fagleg utvikling
 - Observasjon av gymsal, symjing og garderobar
 - ◆ Korleis har du det – arket.

Hugs å loggføre observasjon i SikkerSak (journalnotat på elev)

- **Utviklingssamtalar**

To gonger i året blir det halde samtalar mellom lærar, elev og foreldre/føresette. Denne samtalen skal sei noko om fagleg og sosial utvikling, og noko om korleis eleven har det på skulen. Alle samtalanane skal ha konkrete spørsmål om krenking.

- **Foreldremøte**

Føresette er ein viktig ressurs i arbeidet med å skape eit godt oppvesktmiljø for elevane. Føresette blir informerte om paragraf 12 og oppfordra til:

- å heller ta ein telefon for mykje enn ein for lite
- å sei ifrå om eige barn blir plaga
- å sei ifrå om eit barn i klassen/nabolaget blir plaga på skulen.



Opptrappingsplan ved mistanke om krenking/mobbing

1. Informasjon

Når kontaktlærar har fått melding om/kjennskap til at det pågår krenking/mobbing i elevgruppa må han/ho skaffa seg sikker informasjon. Den kan vera basert på eigen eller andre sin observasjon. Tilbakemeldingar frå elevar, foreldre/føresette, tilsette på skulen. Dette er grunnlag for første samtale med den som har blitt utsett for mobbing og dei som plagar. Kontaktlærar orienterer leiinga på skulen.

2. Samtalar basert på observasjon/ tilbakemelding

- først samtale med den som har blitt utsett for krenkinga, sjå samtale side 17.
- samtale med den/dei involverte. Snakk med ein og ein.
- samtalanane skal vera tydelege og det skal gis beskjed om at den negative åtferda skal ta slutt.
- Det blir avtalt eit nytt møte med både den som har blitt utsett for krenkinga og dei som har utført krenkinga.

Møtet må bli gjennomført veka etter første samtale.
Det skal vera to separate møte.

- Den som har blitt krenka bli orientert om vidare saksgang jmf tiltak i aktivitetsplan.
- Samtalane kan gjerne utførast av to vaksne.



3. Informasjon til heim og rektor

Informasjon til foreldre/føresette (til både den som krenkar, og den som vart utsett for krenkinga).

Rektor bruke aktivitetsplikta og skrive aktivitetsplan når han vert kontakta av foreldre og føresette angående krenking og mistanke om krenking, jmf paragraf 9a.



4.Tiltak:

Tiltak kjem inn etter grad og elevtype etter at det har blitt konstatert krenking/ mobbing. Foreldre/føresette skal vere informert:

- Samtale, - ein sjanse.
- Etter første samtale skal all krenking få reaksjonar.

Det kan vera :

- parade
- sitje inne i friminuttet
- fråfall av positive ting
- områdenekt
- måtte vera att etter skuletid
- ut av klassen med eige opplegg
- aktivitetsplan med spesifikke tiltak

- Dersom ingen av tiltaka fører fram, vil skulen i samråd med foreldre/føresette sjå på nye tiltak evt. kontakta Familiesenteret eller PPT for hjelp.
- Dersom foreldre/føresette ikkje vil fylgja opp tiltak, og krenkinga held fram har skulen plikt til å sende bekymringsmelding til barnevernet.

5.Kven gjeld mobbereglar og konsekvensar for?

- Alle elevane våre skal retta seg etter skule – og mobbereglane.
- Elevane er ulike og fleire har ulike vanskar, derfor treng dei ulik hjelp frå heim og skule for å få til å fylgja reglane.
- Tiltak blir ofte utarbeidd i samråd med heimen, og dei må tilpassast elevtype og kor alvorleg krenkinga er.
- Det skal alltid få konsekvensar/bli gjort tiltak når nokon utfører krenking, og skulen har ansvar for at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø.



Samtale med den/dei som har blitt utsett for krenking/mobbing.

Når ein vaksen skal snakka med eit barn som har blitt utsett for krenking, krev det at me trør forsiktig, og ikkje lagar ekstra belastningar for ein som har det vanskeleg allereie.

1. Ver diskret når du hentar eleven til samtale
2. Unngå å ta samtalen når eleven har ein aktivitet som han/ho likar svært godt.
3. Finn eit skjerma rom for samtalen, kontaktlærer og ein frå leiinga snakkar med eleven.
4. Fortel eleven kvifor du har samtale, og at hensikta er å hjelpe eleven slik at han/ho skal få det betre.
5. Fortel kva du veit, og få eleven til å fortelja kva han ho har opplevd.
6. Skisser korleis du vil arbeida vidare. Informasjon til foreldre/føresette, aktivitetsplan og tiltak.
7. Fortel korleis du skal arbeida for å sikra at dette ikkje gjentek seg, vis til tiltak i aktivitetsplan jmf paragraf 12-4.
8. Avtal eit oppfølgingsmøte.



Samtale med den/dei som har krenka/mobba - den konfronterande samtalen

Den som krenkar er og vår elev og han/ho treng hjelp å slutta med krenkinga. Det er viktig å få fram at ein likar personen, men ein likar ikkje handlinga. Det må vera utgangspunktet.

1. Det er viktig å snakka med dei som har krenka straks ein har snakka med den som har blitt utsett for krenkinga.
2. Dersom det var fleire som var med på episoden er det viktig at dei ikkje får høve til å snakka i lag mellom samtalanane.
3. Finn eit skjerma rom for samtalen, og ver helst to vaksne. Den som var i situasjonen og ein frå leiinga.
4. Fortel eleven kvifor du har samtale og konfronter han/ho med det som har skjedd. Ver heilt tydeleg på at du ikkje aksepterer det som har skjedd.
5. Skisser korleis du vil arbeida vidare. T.d. vedr. informasjon til foreldre/føresette og opptrappingsplan. Fortel kva konsekvensar krenkinga vil få.
6. Avtal eit oppfølgingsmøte om ei veke.
7. I enkelte tilfelle kan det vera nødvendig å lage ein aktivitetsplan med tiltak for å hjelpa den som krenker å endra åtferd.

8. Skriv alltid notat frå samtalen som blir arkivert i elevmappa.



Mobbing/krenking med dramatiske innslag

Dersom det skjer mobbing med dramatiske innslag er det viktig å handla raskt. Mobbing/krenking med dramatiske innslag kan ein i hovudsak dela i 2:

- ein elev vert utsett for fysisk eller psykisk vald av svært alvorleg grad til dømes trugslar
- den som har blitt utsett for mobbing ropar om hjelp med t.d. sjølvmoordsforsøk

I begge desse situasjonane vil skulen trenga hjelp frå andre faginstansar. Skulesjef blir alltid varsla om desse sakene.

Når ein elev vert utsett for fysisk eller psykisk vald av svært alvorleg grad.

- ◆ her treng eleven hjelp frå hjelpeapparatet fort. Den læraren som oppdagar mishandlinga må senda andre elevar etter hjelp, og prøva å gå inn i situasjonen sjølv. Er det for risikabelt må han/ho venta til det kjem fleire vaksne.
- ◆ vidare er det viktig at eleven får hjelp av personar i hjelpeapparatet samtidig som skulen har kontakt, og arbeider intenst for at eleven skal få det greitt når han/ho er tilbake på skulen.
- ◆ Det er viktig at skulen informerer foreldra/føresette så fort som råd, og fylgjer dei nøye opp etterpå

Når elevar utfører mobbing med fysisk eller psykisk vald av svært alvorleg grad

- det er viktig å gripa fatt i dei som har utført misgjerninga straks ein har fått hjelpt den som har blitt utsett for mobbinga.
- det kan ofte vera aktuelt å melda saka til politiet

- vidare er det viktig at eleven/elevane får hjelp av fagpersonar i/utanfor skulen.
- det er viktig at skulen informerer foreldra /føresette så fort som råd, og fylgjer dei og dei som har utført mobbinga opp nøye etterpå.

Når den som har blitt utsett for mobbing ropar om hjelp

Langvarig trakassering har ført til at barn ropar om hjelp med t.d. sjølvmordsforsøk. Etter ei slik alvorleg hending vil den som har blitt utsett for mobbinga få sakkunnig hjelp, men for skulen er det viktig å arbeida med miljøet rundt. For at dette skal skje på ein fagleg forsvarleg måte er det viktig at kontaktlærer og skule får råd og rettleiing frå den hjelpande instansen om korleis dei skal handtera saka. Skulen sin PPT-kontakt og skulesjef blir varsla.

Alt arbeidet må skje i samarbeid og forståing med den som har blitt utsett for plaginga og foreldra/føresette.

Vaksne som krenkar barn

At vaksne på ein skule krenkar barn er uakseptabelt. Det vil vera ei svært stor påkjenning for ein elev dersom dette skjer og skulen må stoppa det.

- Elev, medelevar eller foreldra/føresette til eleven må sei ifrå til kontaktlærer viss dei meiner eleven er utsett for krenking frå vaksne.
 - Kontaktlærer må melda vidare til rektor.

- Dersom kontaktlærer utøver mobbinga må elev/foreldre/føresette ta direkte kontakt med rektor på skulen
- Tilsette på Lye skule pliktar å melde vidare til rektor om dei ser/høyrrer ein kollega som krenkar ein elev.
- Rektor følgjer kommunale prosedyrar og informerer skulesjef.



Korleis blir nye elevar mottekne på Lye skule?

Me ynskjer at alle nye elevar og foreldra deira skal bli godt mottekne på Lye skule. Dette stiller krav til både skule, kontaktlærer, klassekontaktar og elevar. Me ynskjer gode rutinar slik at dette ikkje er personavhengig.

1.klasse.

- Innskriving for 1.trinn i februar
- Informasjonsmøte for foreldra i mai/juni
- ”Bli kjent” dag på skulen i mai/juni før dei begynner.
Elevane får brev på førehand, og dei møter den læraren dei skal ha.
- Læraren har «bli kjent-samtale» med foreldra i august.

(Sjå kommunalplan om overgang barnehage/skule)

Nye elevar etter oppstart i 1. klasse

- Klassekontaktar har ansvar for å invitera dei nye føresette på foreldremøte, orientera om vennegrupper og å få dei med på foreldretilstellingar på skulen
- Kontaktlærer har "bli kjent"-samtale med foreldra/føresette.
- Kontaktlærer informerer klassekontakt og videreformidlar kontaktinformasjon slik at klassekontakt kan ta kontakt med den nye familien.

Ny kontaktlærer i etablert klasse

- Læraren har "bli kjent-samtale" med foreldra/føresette.



Råd til føresette

Alle elevar har rett til eit læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Som forelder kan DU bidra til eit inkluderande skulemiljø for barna.

Sjå tips frå Foreldreutvalet for grunnopplæringa om kva du kan gjer for å førebyggje eller hindre mobbing.

- Lær barnet ditt at ikkje alle menneske er like, men at alle er like mykje verdt.
- Vis at du ser og høyrer barnet ditt.
- Bli kjent med dei andre foreldra og barna i klassen. Tenk på korleis du kan inkludere nye elevar og foreldre.
- Inkludering vil seie at heim og skule må samarbeide.
- Opprett ein god dialog med læraren.

- Engasjer deg i skulekvardagen til barnet – vis at du er interessert i kva som skjer på skulen.
- Ver eit godt førebilete. Vis omtanke for og snakk positivt om andre barn, foreldra deira, skulen og lærarane.
- Samarbeid med dei andre foreldra om felles «reglar» for bursdagar og andre festar. Ikkje aksepter at nokon blir haldne utanfor.
- Ver open for at også ditt barn kan plage andre.
- Kontakt skulen dersom du er uroleg for ditt eige barn, eller andre sine barn.
- Snakk med barnet ditt om nettbruk og mobbing. Hjelp barna med å gjere kloke val også på skjerm.

- **Vaksne har ansvar for å legge til rette for vennskap.**

